



---

# ÅRSMELDING

BREMNES FRYSERI

---

Bremnes Fryseri er eit holdingselskap, og eig selskapa **Bremnes Seashore**, **Salmon Brands** og **Kald Fisk** som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking, foredling, sal av Salma, samt innovativ nytenking. **Bremnes Fryseri** eig og 40 prosent av sals- og distribusjonsselskapet **Ocean Quality** som sel heifisk og foredla laks.

# Innhald

Framtidsretta satsing i eit utfordrande år .....	<b>4</b>	Gründer i 1937 – Innovatør i dag .....	<b>28</b>
Investing In the Future During a Challenging Year .....	<b>5</b>	Lokasjonskart .....	<b>31</b>
I takt med naturen .....	<b>6</b>	Våre viktigaste ressursar .....	<b>32</b>
Målretta arbeid for ei berekraftig næring .....	<b>8</b>	Ein sprek arbeidsplass .....	<b>34</b>
Sunn og god mat .....	<b>10</b>	Styret si årsmelding .....	<b>36</b>
Den forsiktige starten .....	<b>12</b>	Resultatrekneskap .....	<b>38</b>
Yngel i tusental .....	<b>13</b>	Nøkkeltal .....	<b>39</b>
Vekst i eit sunt miljø .....	<b>14</b>	Balanse .....	<b>40</b>
Hausting frå havet .....	<b>16</b>	Kontantstraumoppstilling .....	<b>42</b>
Bolaks valde kvalitet og fleksibilitet .....	<b>18</b>	Notar til rekneskapen .....	<b>43</b>
Frå råvare til delikatesse .....	<b>20</b>	Revisor si melding .....	<b>55</b>
Ut i verda .....	<b>24</b>		



25 000 tonn  
FRÅ BREMNES FRYSERI PR. ÅR

= 5 kg  
PR. NORDMANN PR. ÅR

= 15 middagar  
PR. NORDMANN



---

# Framtidsretta satsing i eit utfordrande år

2011 vart eit år med store variasjonar i laksenæringa. Etter ein lang periode med høge laksepriser fekk me eit markant fall i prisane utover våren. Dette var den største prisnedgangen som har vore i heile oppdrettsnæringa si historie. I ein periode var prisane langt under kostpris. Dette kunne ikkje fortsetje. Oppdrettarane avgrensa produksjonen og reduserte opptaka noko. Dei låge prisane skapte auka etterspurnad og til saman gjorde dette til at prisen gradvis tok seg opp fram mot årsskiftet.

Det var et år med store utfordringar, men med ein solid bedriftsorganisasjon i ryggen og evne til å satsa på framtidsretta løysingar, kom Bremnes Fryseri styrka ut i 2011.



Olav Svendsen jr.  
Administrerande direktør

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Olav Svendsen".

Fjoråret var også året då me, saman med dei andre oppdrettararane i området, for første gong fekk brakklagt eit stort område. Dette har me jobba lenge og målretta mot. Målet var å betra produksjonen og redusera biologiske utfordringar. Resultatet frå sona i Sunnhordland viser at dette gav svært gode resultat. Etter kvart vil dei andre områda me er i bli brakklagt og me forventar dei same gode resultata her. Dette vil gje lågare produksjonskostnader som igjen gjer oss meir konkurransedyktige.

Me viste at me klarte å levera kvalitetsprodukt til kundane i utfordrande tider, og samtidig satsa på nye effektive produksjonsløysingar som me vil sjå resultat av i 2012 og i åra som kjem. Me gjorde store investeringar på nytt pakkeri, og har no truleg det mest moderne pakkeriet næringa kan by på. Samstundes viser avtalar gjort med våre store kundar at me er ein attraktiv samarbeidspartner for dei som ynskjer topp kvalitet på lakseprodukta.

Innovasjonstakten i Bremnes Fryseri er høg. Etablering av sals-selskapet Ocean Quality har vist seg å være ei rett satsing, på same måte som investeringane og satsinga på foredling. Forhandlingane med Tine

om full overtaking av Salma starta i fjar, og kom på plass i mars i år. At me i tillegg tilsette rundt 50 nye arbeidstakrar i eit år med store svingingar i marknaden, viser at bedrifta står fjellstøtt og samstundes er ein trygg og viktig arbeidsplass som gjev dei tilsette mange moglegheiter.

Vår viktigaste ressurs er nettopp våre tilsette, og det er ikkje berre tomme ord. Me har ein svært kompetent arbeidsstokk som eg er svært nøgd med og stolt av. Dei betyr alt for at me klarar og utretta det me gjer. Det er og positivt at me har nedgong i sjukefråværet i 2011, og eg trur at Trimkampanjen 2012 kan bli eit positivt element for vidare satsing på god helse for våre tilsette. Det er gledeleg å sjå at svært mange har vist interesse for å bli med på dette.

Året me har starta på blir spennande. Ny satsing på Salma, produksjonsauke i pakkeriet, merkevarebygging, og vidare satsing på våre samarbeidspartnarar og tilsette blir viktige stikkord i år. I tillegg ynskjer me å halda på det gode samarbeidet me har med dei ulike kommunane me har lokasjonar i.

Saman skal me i Bremnes Fryseri byggja bedrifta vidare og ta dei utfordringane og mogleheitene som kjem!

# Investing In the Future During a Challenging Year

The year 2011 saw considerable fluctuations in the salmon industry. After an extended period of high salmon prices, rates fell significantly in the course of the spring. This was the biggest fall in the history of modern aquaculture – in fact, for a period market prices were below cost, an obviously unsustainable situation. Fish farmers limited their production and harvesting. However, low prices led to increased demand, which in turn resulted in increasing prices toward the end of the year.

It was a challenging year, but thanks to our solid corporate organisation and proven ability to focus on forward-looking solutions, Bremnes Fryseri emerged strengthened at year's end.

During 2011 in cooperation with other local fish farmers, we attained one of our strategic goals by establishing an extensive fallow zone. The objective was to improve production, while reducing the biological challenges to the salmon and minimising our environmental impact. Results from the Sunnhordland region were very promising, and we expect to achieve equally successful results by establishing fallow zones also in other areas in which we are present. This strategy will lower our production costs and make our company even more competitive.

Bremnes Fryseri has time and again proved that it will continue to deliver quality products to its clients even in the most challenging times. While doing so, we have invested considerable resources to make our production even more efficient; we expect to reap the benefits in 2012 and the years to come. Our investments include the establishment of a new fish-processing facility – one of the most modern in the industry. Sales contracts with an increasing number of major clients show that we are an attractive partner who can be relied on to deliver salmon products of the highest quality.

We continue to set a high pace of innovation. The establishment of Ocean Quality, a joint-venture sales company with Grieg Seafood, has been a strategic success, as have the above-mentioned investment in our top-of-the-line harvesting and fish-processing facility. Last year we initiated negotiations with Tine, aiming to acquire full ownership of the Salma brand, an objective that will be realized this year. In 2011, we hired an additional 50 employees. The fact that this expansion took place during a turbulent year demonstrates the solidity and strategic vision of our company. Bremnes Fryseri continues to be a reliable

employer that provides fruitful opportunities for its expanding workforce.

Our skilled employees are the company's most important resource, and we are proud of their knowledge and expertise. In 2011 we witnessed a reduction in sick leave, and we expect our Health & Fitness Campaign to yield even more positive results in 2012. It is encouraging to see so many employees deciding to participate in this programme.

The year 2012 is already proving to be exciting and fruitful. Full ownership of Salma, increased production capacity at our new fish-processing facility, and a continued close cooperation with our strategic partners and key clients, will be vital elements in this business year. At the same time, we are continuing our close cooperation with local authorities where our facilities are situated.

I am pleased to report that our team at Bremnes Fryseri is continuing to seize new opportunities, expanding our company and further strengthening our market position!

---

Olav Svendsen jr.  
CEO





# I takt med naturen

Grunnfilosofien bak lakseproduksjonen til Bremnes Fryseri er «Look to nature». Heilt frå laksen er rogn til han er vaksen prøver me å kopiera tilhøva i naturen etter beste evne - ut frå det me veit om biologien til villaksen. Målet er å skapa best mogleg fiskehelse og fiskevelferd, to særskilt viktige byggjesteinar som ligg i botn for heile verksemda vår.

Me startar allereie med rogna, som me plasserer på ein künstig «elvebotn» av plastsubstrat. Denne liknar på oppvekstmiljøet lakserognen har på elvebotnane ute i naturen.

Bremnes Fryseri har oppdrettsanlegg på 23 lokalitetar. Fellesnemnaren for alle desse lokalitetane er gode straumtilhøve og reint, friskt vatn. Me justerer anlegga for å sikra optimal plassering på kvar einskild stad.

For å auka trivselen og betra helsa til fisken vår ytterlegare, er me svært opptekne av å halda tettleiken i merdane låg. Difor nytta me merdar som er ekstra store. Resultatet er at 160 m merdar med fullvoksen laks består av 99 prosent vatn og berre ein prosent fisk. Dette er om lag halvparten av det styresmaktene set som krav.

Eit anna sær preg ved oppdrettsverksemda vår, er at me også nytta ekstra djupe nøter i merdane. På den måten let me fisken sjølv velja kva vassjikt han vil opphalda seg i, og laksen kan symja til den delen av sjøen som har mest optimal temperatur for årstida.

Når ein fisk er sett ut i ei merd, let me han bli der frå han vert sett ut til han er fullvoksen. Me verken sorterer eller flyttar laks frå merdane. På den måten unngår me situasjonar som kan påføra fisken unødig stress.

## IN HARMONY WITH NATURE

The guiding vision behind salmon production at Bremnes Fryseri is to "Look to nature". We use our extensive knowledge of salmon biology to duplicate conditions in the wild, from the egg state until the fish reach maturity. The priority at the heart of our operations is to nurture the salmon's health and welfare. One important element is the artificial "river bottom" on which we place the eggs. In addition, we ensure clean water, good flow conditions and extra large and deep cages. The salmon are allowed to live in the same cages until they are mature.

---

# Målretta arbeid for ei berekraftig næring

Me lever i ei verd med sterk vekst i folketalet, og det er behov for å henta mykje av maten frå havet for å stetta etterspørselen. Som lakseprodusent er Bremnes Fryseri ein viktig leverandør til det globale matfatet, og ein ansvarsfull bidragsytar som stiller strenge krav til produksjonen.

Me er opptekne av at produksjonen vår skal vera berekraftig, og ha minst mogeleg påverknad på det naturlege miljøet i havet. Me arbeider aktivt for å oppfylla den komande internasjonale berekraftstandarden for oppdrett av marine artar (ASC).

Dei største miljøutfordringane er rømming, lakselus og berekraftig fôrproduksjon. I vårt selskap arbeider me aktivt for å finna gode løysingar på dette, både aleine og i samarbeid med andre lakseprodusentar.

Bremnes Fryseri har nullvisjon mot lakse-rømmingar. For å stå best mogeleg rusta har me nøter og merdar som er meir rømmingssikre en det standarden krev. Me er og med i Hardangerfjordlauget som arbeider med kortsigtige og langsiktige tiltak som skal trygga ein god beredskap ved rømmingar.

Sjølv om lakselus er eit begrensa problem for oppdrettslaksen, kan den ha innverknad på villaks-bestanden. Aktiv bruk av rensefisk og brakklegging av større fjordområde er nokre av tiltaka som me ser positive resultat av i samband med lakselus og andre biologiske utfordringar.

Saman med styresmakter og fôrleverandør arbeider Bremnes Fryseri for å balansera uttaket av fiskebestandar og betra utnyttinga av fiskeråstoffet som vert brukt til fôr i lakseproduksjon. Me stiller blant anna krav til fôrleverandørene våre om at råvarene skal koma frå berekraftige fiskeri.

Lakseoppdrett er den mest effektive kjøttproduksjonen me har i dag. Laksen utnyttar føret betre enn både kylling og gris. Forsking viser også ei rekke positive helseeffektar av Omega-3-feittsyrene EPA og DHA, som er den viktigaste delen i fiskefôret. Bremnes Fryseri har i dag ei god utnytting av dette råstoffet, og Omega-3 i våre lakseprodukt gjev betre effekt på helsa enn Omega-3 innpakka i kapslar.

## SYSTEMATIC WORK TO ENSURE SUSTAINABLE PRODUCTION

Bremnes Fryseri an important supplier to the global seafood market, contributing responsibly by setting the highest standards for its production. We are fully committed to a sustainable production that has minimal impact on the marine environment.

The biggest environmental challenges are the prevention of escapes, avoidance of sea lice, and sustainability of feed production. We make every effort to find the best possible solutions, on our own and in collaboration with other salmon producers.

Bremnes Fryseri has a zero tolerance policy when it comes to salmon escapes. We require that ingredients used by our feed manufacturers come from sustainable fisheries.



# Sunn og god mat

Oppdrettslaks er sunn og god mat. Laks fra Bremnes Fryseri held høg kvalitet og er trygg å eta, då produkta våre blir kontrollerte og dokumenterte heilt frå rognstadiet og fram til ferdig vare.

Bremnes Fryseri er godkjent etter dei internasjonalt kjende standardane *GLOBALG.AP*, *BCR* og *Friend of the Sea* i tillegg til at me oppfyller ei rekke kundespesifikke kvalitetskrav. *GLOBALG.AP* stiller krav til alle delar av produksjonen vår, og set fokus på matvaretryggleik, miljøvern, helse, miljø og tryggleik, samt dyrevelferd. *BCR* (British Retail Consortium) er ein global standard for næringsmiddel som fokuserer på trygg mat. *Friend of the Sea* er ein standard som set krav til miljøpåverknad og berekraft.

For å sikra at me leverer sunne og fyrsteklasses produkt, har Bremnes Fryseri eit strengt kvalitetssystem. Dei viktigaste elementa i kvalitetssystemet vårt er grundig opplæring av tilsette, sporbare produkt, og kontroll og overvaking av produksjonsprosessane.

**Opplæring:** Dyktige og engasjerte medarbeidrarar er ein føresetnad for å kunna produsera varer av høg kvalitet. Mange av våre tilsette er fagarbeidrarar innan fiskeindustri- og akvakulturfaget. Alle nye tilsette får

ei innføring i hygiene, HMT (helse, miljø og tryggleik) og dei aktuelle produksjonsoppgåvene dei skal jobba med.

**Sporbare produkt:** I Bremnes Fryseri er alle produkta våre fullt ut sporbare. Det vil seia at me kan følgja historia til kvar einaste fisk. Dette gjer me med eit kvalitetssystem som merkjer, samlar og tek vare på alle opplysningar om kvar einskild fisk. Desse opplysningane set oss i stand til å følgja bakgrunnen og utviklinga til laksen heilt frå rognstadiet og fram til kunden.

**Kontroll og overvaking:** Bremnes Fryseri fører nøye kontroll med dei ulike produksjonsprosessane. Me utfører mikrobiologiske, kjemiske og sensoriske analysar av produkta, produksjonsutstyret og vatnet me nyttar etter ein fastsett plan. Temperaturmålingar og kontrollar av reingjeringar er også med på å sikra produktkvaliteten. Vidare hjelper regelmessige målingar av kvaliteten, fargen og feittinnhaldet i fisken oss til å produsera laks med jamn kvalitet, i tråd med kundespesifikasjonane.

## HEALTHY AND DELICIOUS FOOD

Farmed salmon is a healthy and delicious food. Salmon from Bremnes Fryseri is of the highest quality and always safe to eat; all products are thoroughly controlled and documented, from fertilised egg to finished food product.

Bremnes Fryseri is certified in accordance with international standards established by *GLOBALG.AP*, *BCR* and *Friend of the Sea*. In addition our products meet the specifications of our demanding customers.

To ensure delivery of healthy top-quality products, Bremnes Fryseri has implemented a strict Quality Assurance system. Key elements are thorough employee training, full product traceability, and stringent monitoring and control of every production process.



Omega-3 (EPA + DHA)

Omega-3

Omega-3 i våre  
lakseprodukt gjev betre  
effekt på helsa enn  
Omega-3 innpakka  
i kapslar.

# Den forsiktige starten

Me bruker rogn frå Salmo Breed-stamma. Produksjonen av stamfisk og rogn bygger på målretta avlsarbeid. Avlsarbeidet er målretta for å trygga godt smoltutbytte, høg superiordel og optimalt filetutbytte. Avlsarbeidet har og fokus på helseeigenskapar som gir motstand mot dei biologiske utfordringane fisken møter i produksjonstida.

Stamfiskanlegga som leverer rogna er sertifisert etter GlobalGAP-standarden og slik sikrar me at dei har kontroll på produksjonen sin. Rognproduksjonen er basert på familieavl for å få fram ein laks med dei beste eigenskapar. Me kjøper augerogn til våre settefiskanlegg. Resten av produksjonssyklusen styrer me i eigne anlegg.


## CAUTIOUS BEGINNINGS

We use eggs from the Salmo Breed stock. The production of brood stock and salmon eggs is based on systematic breeding that aims to ensure a high and superior smolt yield, optimal filet quality, and robust fish that have strong resistance to the biological challenges they will encounter during their lifespan in the production facilities.

Our roe comes from GlobalGAP certified brood facilities to ensure that our salmon have the best possible traits. We purchase fertilised eggs for our hatchery facility, carefully controlling and monitoring every other phase of production in our own facilities.

Rogn  
JANUAR 2010

Me har utvikla  
rogn med spesielt  
gode eigenskapar  
i samarbeid med  
stamfiskanlegg.



SETTEFISK

# Yngel i tusental

Bremnes Seashore har tre settefiskanlegg som produserer smolt. Desse anlegga er Gjeravåg og Skålevik i Bømlo, og Tørvåg i Vindafjord. I tillegg eig selskapet 16,7% av Sævareid Fiskeanlegg.

Ein viktig faktor for å lukkast med lakseproduksjon er å ha smolt med god kvalitet. Me har difor satsa mykje på å byggja ut settefiskanlegga slik at dei held ein god moderne standard.

Dei naturgitte tilhøva ved settefiskanlegga våre er ulike og me har derfor lagt vekt på at produksjonen vert tilpassa dei naturgitte moglegheitene. Kvart av anlegga

tilpassar sin produksjon av mengde og storleik for å optimalisera utsett og produksjon i sjø. Produksjon av smolt må og ta omsyn til dei naturgitte rammevilkåra for å få ein fisk som er motstandsdyktig mot ulike biologiske utfordringane og som veks godt i sjøen.

Kunnskap er nøkkelen for å lukkast med settefiskproduksjon. Me har medarbeidarar som har tileigna seg god kompetanse og erfaring. Resultatet av gode driftsanlegg, god kontroll på vasskvalitet og ein engasjert arbeidsstokk, gjev gode og stabile driftsforhold og ein optimal smoltkvalitet.

## THOUSANDS OF SALMON FRY

Bremnes Seashore produces smolt at three hatchery facilities: at Gjeravåg and Skålevik situated in the Bømlo archipelago, and at Tørvåg on the Vindafjord. In addition, the company owns a 16.7 % share in Sævareid Fiskeanlegg.

Quality smolt is essential for successful salmon production, so we have invested considerable resources to establish our modern hatchery facilities.

Knowledge is key to the production of superior smolt. Our experts have the required skill and considerable experience. Dedicated employees, top-rate facilities and the continuous monitoring of water quality ensure good, stable conditions for the fish, yielding smolt of optimal quality.

Yngel  
MARS 2010

Rogna blir klekt ut og  
yngelen veks fram i eit  
ferskvatnanlegg.





MATFISK

# Vekst i eit sunt miljø

I Rogaland og Hordaland har Bremnes-konsernet anlegg på 23 ulike lokalitetar. Fellesnemnaren til desse lokalitetane er gode straumtilhøve og reint friskt vatn. Det er gjort store investeringar for å sikra gode arbeidsvilkår og god vekst i produksjonen.


Blant anna har me ekstra store nøter i forhold til dei krava myndigheitene stiller, men me har ikkje meir fisk i merdane sjølv om dei er djupare. Dette medfører at fisken trivest betre og me får ei betre fiskehelse. Samstundes har dei som arbeider på anlegga gjort ein stor innsats i å optimalisere produksjonsmetodar og utnytte produksjonsutstyret på best mogeleg måte. Me arbeider mykje med ulike tiltak for å oppnå lik kvalitet på fisken heile året.

Me ynskjer også sterkt å være innovatørar innanfor miljøtenking, og leggja til rette og arbeida aktivt for å redusera biologiske utfordringar mest mogeleg. I tillegg til drift av eigne lokalitetar, samarbeider me med lokale oppdrettsselskap gjennom samdrift på fleire lokalitetar. I 2011 la me brakk eit stort område i Ytre Hardangerfjord. Resultatet av dette viser seg å være svært positive, og same tiltak vil bli nyttå ved ei ny sone vest for Bømlo i 2012, og i andre soner dei kommande åra. «I takt med naturen» er vår målsetnad. Med slike tiltak når me våre mål!

## A HEALTHY ENVIRONMENT FOR GROWTH

Bremnes Fryseri has facilities situated at 23 sites, each chosen for its favourable currents and access to plenty of clean, fresh water. We are continually making adjustments, using extra-large cages that are optimally placed to ensure that our healthy fish thrive.

We are an innovator when it comes to environmental thinking, continually striving to minimise the biological challenges. In 2011 we intentionally established a fallow zone and will do the same in the coming years. Our vision is always to "Look to nature" – and these and other measures will enable us to reach our goals!



**Smolt**  
APRIL 2011

Laksesmolten på omlag 100 gram vert sett ut i sjøen der han veks fram til han kan haustast.



PAKKERI

# Haustring frå havet

Å få til ein mest mogeleg effektiv og god prosess i forbindelse med slakting er viktig for Bremnes Fryseri. Difor har me etablert eit heilt nytt slakterianlegg som er moderne og heilt i verdklasse. Bygginga av dette starta i 2010 og vart ferdigstilt i 2011. Full kapasitet ved anlegget vil me ha frå juni i år.

Det nye anlegget gjev ytterlegare betre kvalitet på våre sluttprodukt, og også større fleksibilitet for oss og våre avtaleprodusentar. I tillegg er det godt hygienisk design på anlegget, det har god ergonomi,

og kapasiteten er svært bra. I 2011 vart det pakka 26 397 tonn sløyd vekt på slakteriet. Frå juni 2012 vil kapasiteten ligga på 6 100 fisk pr. time. I løpet av 8 timer vil det utgjera 48 800 fisk og 244 000 kg.

Auka produksjonskapasitet har og gjeve oss nye moglegheiter. Me er glade for at me har fått til slakteavtalar med lakseprodusentane Bolaks og Fremskridt. Dette gjev meirverdiar for alle partar. Kvaliteten pakkenummer H 82 er kjend for vert sikra gjennom positive og dyktige medarbeidrar i slakteriet.

## HARVESTING THE SEA

Because good harvesting techniques and efficient fish processing are high priorities for Bremnes Fryseri, our company built its own world-class fish-processing facility.

This new facility allows us to deliver end products of even higher quality. As of June 2012 it will have capacity to process 6100 fish per hour, more than double that of our old facility. Our increased production capacity has opened new opportunities. We are pleased to have in place harvesting and fish-processing agreements with the salmon producers Bolaks and Fremskridt. These agreements are sure to be mutually beneficial.





110 FISK  
PR. MINUTT



240 TONN  
PR. SKIFT



14 VOGNTOG  
PR. DAG

Hausting  
AUGUST 2011

Laksen på omlag fem  
kilo blir transportert  
levande frå dei ulike  
oppdrettsanlegga, til  
opptak og handsaming  
ved fabrikken i  
Øklandsvåg.

---

Det mest  
moderne slakteriet  
i næringa



# Bolaks valde kvalitet og fleksibilitet

Det familieeigde selskapet Bolaks er ein solid aktør med over 37 års erfaring i oppdrettsbransjen. Selskapet inngjekk slakteavtale med Bremnes Fryseri då det nye og topp moderne slakteriet vart teke i bruk.

Bolaks held til i Fusa og har i dag åtte matfisk-konsesjonar og to stamfiskkonsesjonar. I tillegg har selskapet eigarinteresser i fleire andre verksemder relatert til produksjon av rogn og smolt. Då Bolaks vurderte samarbeidspartnerar på slakterisida var Bremnes Fryseri ein naturleg kandidat å snakka med.

– H 82 og Bremnes Fryseri kjenner me frå lang tid tilbake og veit at dei har fokus på kvalitet. Samstundes høyrdje me om spennande utbyggingsplanar på slakterisida. Me har også samarbeid med Bremnes Fryseri via felles eigarskap i Sævareid Fiskeanlegg, og erfaringane frå det samarbeidet tilsa at me ville kunne få til eit godt samarbeid også på slakterisida, fortel dagleg leiar i Bolaks, Bjørg Mette Holmefjord Antonsen.

I 2011 hadde selskapet ein historisk høg produksjon på over 13 000 tonn laks. I tillegg leverer Bolaks gjennomsnittleg 35 millionar rognkorn pr. sesong til settefiskproduksjon. For å slakta og vidareforedra store mengder laks er det viktig at alt fungerer optimalt.

– For oss er det veldig viktig med kvalitet, fleksibilitet og prioritert. Så det å laga gode slakteplanar er viktig for oss alle.

Slakteavtalen med Bremnes Fryseri varer i fyreste omgang ut 2013, men med intensjon om forlenging. Ho er godt nøgd med samarbeidet hittil.

– Dei tilsette på Bremnes Fryseri er seriøse flinke folk med lang erfaring og kompetanse, avsluttar Holmefjord Antonsen.

## BOLAKS OPTED FOR QUALITY AND FLEXIBILITY (BOLAKS)

The family-owned company Bolaks is a solid company with over 37 years experience in the fish farming industry. When our new and modern fish-processing facility, the company entered into an agreement with Bremnes Fryseri.

"For many years we have been aware of H 82 and Bremnes Fryseri, and their strong focus on quality. The positive experience of our joint ownership of Sævareid Fish Construction bodes well for a good cooperation also when it comes to harvesting and fish-processing," says Bjørg Mette Holmefjord, General Manager of Bolaks.

In 2011, Bolaks produced a record 13,000 tonnes of salmon.





FOREDLING

# Frå råvare til delikatesse

Siste produksjonsledd før lakseproduktet vert sendt ut til kunden vert gjort på vår topp moderne foredlingsfabrikk. Den vart teken i bruk i 2009. Det vart lagt spesielt vekt på hygiene ved etableringa av det nye anlegget. På den måten klarar me å tryggja kvaliteten på dei produkta me produserer. I tillegg er fabrikken utstyrt med utstyr av høg kvalitet, og som gjev god fleksibilitet i høve til ordresamsetninga.

I 2011 vart 6 400 tonn råvare foredla i fabrikken. Av dette vart 3 900 tonn ferdige filetprodukt, herav

1 200 tonn Salma. Og nettopp Salma går gjennom som ein raud tråd i produksjonen. Våre tilsette si utmerka haldning til å levera premium-produkt til kundane våre, gjer at me har ein sterk posisjon i marknaden som etterspør meir og meir ferske foredla lakseprodukt. Ein posisjon me vil arbeida hardt for å halda på også i framtida.

## FROM RESOURCE TO DELICACIES

Since 2009, our state-of-the-art processing plant has handled the last stages of production before the salmon product is shipped to our customers. From Day One, there has been a particular emphasis on hygiene and quality assurance.

In 2011, our plant processed 6,400 tonnes of salmon, of which 3,900 tonnes were used in Salma products. Meeting those high standards has been the guiding objective of our production design. Our staffs' dedication to delivering superior products to our customers has given Bremnes Fryseri its strong market position.





 6 400 tonn  
FOREDLA RÅVARER



 2 700 tonn  
FERDIGVARE, FILET



 1 200 tonn  
FERDIGVARE, SALMA

#### Distribusjon

Ferdige produkter av ulike slag blir klargjort og lasta for distribusjon til kunder over hele verda.



## LIMEMARINERT SALMA

### Ingrediensar

- 1 pose nachos-chips
- 200 g SALMA
- 2 vårlauk
- 1 lime
- 1 ss olivenolje
- 1 ts sitronpeppar eller Maldonsalt
- 5 chiliflak
- 2 ss rømme
- 2 tomater

Skjer SALMA i små terninger og mariner med limesaft, olivenolje, salt og hakka vårlauk. Det er også godt å blande tomatterningar med laksen. Legg litt marinert SALMA på nachos og topp med rømme og evt. litt chiliflakes.



## HEALTHY FRESH SALMA LAKSEBURGER

### Ingrediensar

- 600 g Salma laks
- Litt olje til steiking (raps, soya eller solsikke)
- 8 skjever vannmelon
- 1 bøffel-mozarella
- 2 tomater
- 1 raudlauk
- Litt basilikum

### Vinaigrette

- 2 ss Balsamico eddik
- 6 ss Ekstra Virgin olivenolje
- 1 raudlauk



Kutt Salma-laksen i fire bitar. Varm opp panna og ha i olje. Steik Salma på den eine sida til den har skifta farge gjennom 1/3 av stykket, snu laksen og steik igjen til den har skifta farge 1/3 på den andre sida også.

Kutt tomatene, mozarellan og raudlauken i skjever. Bruk botn og topp på raudlauken og kutt i små terninger og bland med balsamicoeddik og olivenolje til vinaigretten.

Vend tomatene, vannmelona og laukringane i vinaigretten. Dander alt i eit tårn med vannmelon øverst og nederst. Ha litt vinaigrette over til slutt og pynt med basilikum.



Fleire oppskrifter finn du på  
[www.salma.no](http://www.salma.no)

# Lokale råvarer – internasjonalt matfat

60 MIN



20 MIN



## GRILLA SALMA MED BULGURSALAT

### Ingrediensar

600 g SALMA, porsjonsstykker à	1 raudlauk
150 g	½ bunt dill
½ saft av sitron	½ ts reven sitronskal
2 ss olivenolje	1 ss olivenolje
1 dl bulgur (kan bruke couscous)	1 ts salt
2 modne tomater	¼ ts peppar
1 avokado	

Vend SALMA-stykka i ei blanding av sitron og olivenolje. Krydre med salt og peppar. Kok bulguren (couscous) som vist på pakka og avkjøl den litt. Skjer tomater og avokado i mindre bitar. Skjer raudlauk i skjever. Hakk dillen. Bland bulgur (couscous) med tomatbitane, avokadoen, raudlauken, dillen og sitronskalet. Rør inn litt olje og smak til med salt og peppar.

Grill SALMA-stykka i ca. 2-3 minutt på kvar side. Server med chilisaus til.



## SALMA TANDOORI

### Ingrediensar

600 g Salma-laks	Raita
1 glas tandoori-paste	2 tomater
1 beger TINE Matyoghurt	½ agurk
300 g basmati ris	1 raudlauk
1 glas mangochutney	1 potte koriander
	1 beger TINE Matyoghurt

Bland tandoori-paste med eit beger matyoghurt som forklart på Tandooripakken, ca. dobbelt så mykje yoghurt som paste. Kutt Salma-laksen i stykker på ca. 30 g, og vend den i tandoorimarinaden. La Salma-laksen ligge i marinaden så lenge du har tid, og gjerne over natta. Legg Salma-bitane på bakepapir og steik dei på 250°C i omnen i 3-4 minutter.

Skjer vekk stilken på tomatene, og lag eit lite snitt på botnen av tomatene. Kok opp vatn i ein liten kjele og kok tomatene i 20-30 sekunder. Avkjøl i iskaldt vatn og skrell tomatene. Kutt deretter tomatene i fire og ta ut kjerna. «Tomatfiletene», agurk og raudlauk kuttar ein i terningar blanda med finhakka koriander. Bland inn eit beger matyoghurt og smak til med salt og peppar.

Kok ris som forklart på pakninga. Server Salma tandoori med kokt ris, raita og mangochutney.





SAL

# Ut i verda

Hovudmarknaden til Bremnes Fryseri sine produkt ligg utanfor landegrensene våre, og Europa og Russland utgjer ein viktig del av den totale marknaden. Med vår lokalisering er me tett på EU-marknaden og Russland. Kort veg til flyplassar gjer at me og kan få våre ferskvarer raskt av garde til marknadane lenger vekke.

For å styrkja vår posisjon i marknaden ytterlegare, etablerte Bremnes Seashore og Grieg Seafood i 2010 eit felles salsselskap, Ocean Quality. Etableringa er ein styrke for begge selskapa gjennom større salsvolum, komplementær slakteprofil og mogleiken til å selja både heil fisk og foredra fisk.

Selskapet er tatt godt i mot i marknaden og har fått ry som ein stor og seriøs aktør. Tidlegare gjekk våre produkt via norske eksportørar. Dette mellomleddet er no borte og Ocean Quality har direkte kontakt med kundane. Ved å komma tettare på desse får me trygga verdikjeda vår, kundane vert bevisste på kven me er og kva unik kvalitet me står for.

Bremnes Fryseri har saman med TINE eigd sals og distribusjonsselskapets Salmon Brands. Dette selskapet eig merkevara SALMA som er ei sterkt merkevare innan fersk foredra laks. I mars 2012 overtok Bremnes Fryseri heile eigarskapen i selskapet og stadfestar med det den langsigchte satsinga innan høgkvalitets lakseprodukt.

Gjennom Salmon Brands har ein klart å bygga ein ny matvarekategori og ei ny merkevare innan fersk fisk. Dette er unikt og basert på god kunnskapsformidling av eit eineståande produkt.

## QUALITY PRODUCTS FOR THE WORLD MARKET

Bremnes Fryseri's market is international; Norway is close to the European Union and Russia. To strengthen the company's market position, Bremnes Seashore and Grieg Seafood established a joint sales company in 2010: Ocean Quality. This brand has been very well received and has gained a reputation as a major provider of quality products.

In March 2012, Bremnes Fryseri acquired full ownership of the brand Salma, which has become firmly established as a new category of premier seafood products, significantly raising the bar for the definition of "fresh fish". The marketing strategy of increasing customer awareness of the uniqueness of Salma products has been a great success.





---

## Kvalitet i verdsklasse

Med Salmon Brands har  
me klart å bygga ein ny  
matvarekategori og ei ny  
merkevaré innan fersk fisk.

---



SAL



## S A L M O N B R A N D S

### Salmon Brands

Hovudprodukt:  
Salma-fileter.  
[www.salma.no](http://www.salma.no)

Salmon Brands vart etablert i 2004 av Bremnes Fryseri og TINE. Gjennom nybrotsarbeid har selskapet etablert ein ny varekategori og ei eiga merkevare innan fersk fisk.

Salmon Brands er i dag representert med hovudkontor i Oslo og utekontor i Sverige og Frankrike. Organisasjonen består av 15 personar på dei tre kontora. I tillegg nyttar selskapet innleigd personell i sals- og marknadsarbeidet.

I 2011 hadde selskapet ein omsetnad på i

underkant av 200 millionar kroner, ein auke på om lag 50 % frå året før. Den sterke salsveksten skuldast i hovudsak auka etterspurnad etter produkta og betra distribusjon. Heimemarknaden er størst for selskapet, medan eksportmarknaden til selskapet er Sverige, Frankrike, Sveits og Tyskland.

Salmon Brands is headquartered in Oslo, with offices in Sweden and France, and a total of 15 employees. In 2011, Salmon Brands had a turnover of approximately nok 200 million, an increase of about 50 % over last year's sales. Domestic sales generate the largest share, followed by exports to Sweden, France, Switzerland and Germany.



SAL

- 
- Ocean Quality
  - Salmon Brands
- 




Ocean Quality vart etablert i 2010 av Bremnes Fryseri og Grieg Seafood. Selskapet tilbyr kontinuerleg og påliteleg forsyning av laks frå tre pakker i Noreg.

Ocean Quality er i dag representert med hovudkontor i Bergen, og salsavdelingar på Bømlo, i Beijing og i Alta. Organisasjonen er effektiv, med relativt få personar som handterer eit stort volum på ein god måte.

I 2011 selde selskapet 58 000 tonn heil og foredla

laks for nærmare 2 milliardar kroner. Forbrukarar som fekk dra nytte av desse flotte produkta kunne ein finna på ei rekke ulike stader i verda. Blant anna vart laks frå Bremnes Fryseri mat på bordet i Moskva, Paris, Kuala Lumpur og Bangkok i fjor.



## Ocean Quality

Hovudprodukt: Fersk og frys heilfisk, samt filetprodukt.

[www.oceanquality.no](http://www.oceanquality.no)



Olav Svendsen Sr, ca 1946.

Kvernavik ca 1946.

## Eigarar

PR. 31.12.2011

Olav Svendsen jr	50,00 %
Torild Knarvik	11,67 %
Torbjørg Sæverud	11,67 %
Alvhild Helgesen	8,33 %
Gerd Johansson	8,33 %
Eivind Sæverud	5,00 %
Terje Sæverud	5,00 %
100,00 %	

# Gründer i 1937

Det heile starta då Olav Svendsen som 14-åring byrja å ta i mot tang og tare på kaiane heime i Øklandsvågen i 1937. Faren, Ole Svendsen, skjøna at sonen hadde sans for kjøp og sal, og Olav fekk difor snart ansvar for mottaket av villaks og hummar, som hadde vore grunnlag for drifta i den gamle handelsstaden Øklandsvågen i fleire hundre år. I 1946 vart det sett i gong ei stor utbygging og verksemda vart flytta over vågen til Kvednavikjo.

I åra etter krigen tok Bremnes Fryseri imot makrell, kjøpte utstyr til hermetikkfabrikk og byrja leggja ned makrellrogn på boks. Det var òg mottak av reker, krabbe,

størje og sei. Det store pigghåeventyret starta midt på 1950-talet, og skulle vara i nær 30 år. Ved sida av laks var pigghåen det viktigaste produktet for utviklinga og suksessen til Bremnes Fryseri. Kvednavikjo var på denne tida verdas største pigghåmottak.

På 1950-talet var Olav Svendsen med og forsøkte å klekkja ut aure. Klekkinga gjekk bra. Yngelen kom fram og levde av plommesekken. Men det var først på 1960-talet det vart ein suksess. Klekking av rogn på Goddo og matfiskoppdrett i ein avstengd våg utanfor Øklandsvågen danna grunnlaget for vidare vekst.



## A PIONEER IN 1937 – AN INNOVATOR TODAY

Bremnes Fryseri dates back to 1937 when Olav Svendsen established a small company at Øklandsvågen in the Bømlo archipelago in western Norway. The company he founded, which has grown into one of Norway's largest privately held salmon farmers, is still family owned and operated.

Bremnes Fryseri has helped establish a completely new concept for fresh salmon: Salma Salmon. This renowned brand is known for uncompromising standards in every aspect of operations, and for combining innovation and quality.

In 2011, Bremnes Fryseri had a total of 231 employees and sales of almost one billion NOK.



# Innovatør i dag

I dag er det etterkomarane etter Torbjørg og Olav Svendsen senior som eig 100 prosent av aksjane i Bremnes Fryseri, og som leiar selskapet. Det har vorte ei av dei største privateigde oppdrettsverksemndene for laks i Noreg, og med Salma er det bygd eit heilt nytt konsept innan marknaden for fersk fisk. Ei botnsolid merkevare som byggjer på kvalitet i alle ledd. Denne kombinasjonen av innovasjon og kvalitet viser kva Bremnes Fryseri står for.

Me har i dag hand om heile produksjonskjeda for laksen, frå yngel i landbaserte settefiskanlegg, via oppdrett, slakting og foredling, til ferdige produkt som vert distribuert til forbrukaren. Selskapet har ekspandert kraftig dei siste åra, og konsernet Bremnes Fryseri sysselsette i 2011 totalt 231 personar. Omsetnaden i 2011 var på nær ein milliard kroner.

Våre produksjonsaktivitetar skjer på Vestlandet med 23 oppdrettsanlegg, settefiskanlegg og landbasar fordelt på ni ulike kommunar. I tillegg kjem aktivitetar i Oslo, Bergen, Sverige og i Frankrike.

Prosessanlegget og administrasjonen held til i Øklandsvågen i Bømlo kommune. Her har Bremnes Fryseri mellom anna eit 4 000 kvadratmeter stort nybygg som husar moderne slakteri, foredlingsanlegg, kjøleterminal, og lokale for administrasjon.

## Aktiv bidragsytar

Med 231 tilsette og aktivitetar på sjø og land i mange lokalsamfunn, er det viktig for Bremnes Fryseri å ha gode relasjoner til dei ulike kommunane og lokalsamfunna. Me støttar difor aktivt med


støtte til lokalt idretts-, kultur- og ungdomsarbeid på stader der selskapet har aktivitet. Med tilsette på 27 forskjellige stadar og vel 25 000 tonn produkt som skal transporterast ut i verda, er konsernet også oppteke av gode kommunikasjoner. Bremnes Fryseri har gått inn med støtte i fleire samferdsleprosjekt, og gjennom medlemskapen i Bømlo Vegselskap arbeider selskapet aktivt for å heva vegstandarden på Bømlo.

Bremnes Fryseri er avhengig av dyktige og motiverte medarbeidrarar. Me legg difor også stor vekt på trivselsfremjande tiltak for eigne tilsette, som til dømes trimkampanje, kantine og firmahytte.



## Innovasjon gir superfersk fisk

Bremnes Fryseri er kombinasjonen av dyktige medarbeidrarar, lokal forankring, sterk innovasjonstekning og internasjonalt omdømme.



## Lokasjonskart



- MATFISK
- SETTEFISK
- PAKKERI/FOREDLING/ADM.

28 ANLEGG  
I NI KOMMUNAR:



BØMLO



SVEIO



KVINNHERAD



JONDAL



VINDAFJORD



FINNØY



STRAND



SANDNES



FUSA

# Våre viktigaste ressursar

Bremnes Seashore  
pr. 31.12.2011

## Settefisk Gjeravåg

Berentzen Elin Solheim  
Hollund Kristian  
Robberstad Inge

## Settefisk Skålevik

Hellen Dag Helge  
Solend Gunn Agnes  
Sørvik Ole

## Settefisk Trovåg

Haraldseid Øyvind Jakob  
Larsen Marijann Belt  
Skogen Anne Brith  
Svendsbøe Torunn  
Ånestad Jorunn

## Oppdrett Jondal

Haugen Knut  
Hesvik Øyvind  
Jensen Håkon  
Lundal Vidar  
Selsvik Dag-Kjetil  
Toen Jarle Jensen

## Oppdrett Rogaland

Alsvik Stig Arvid  
Bø Alf Anders  
Eike Jostein  
Eike Karina  
Grytdal Hanne  
Johannessen Klaus Andreas  
Knudsen Christian  
Knudsen Glenn Egil  
Reinhaug Øystein  
Romaniszyn Robert  
Sitter Tom Bjarne V.  
Steinsvik Trond  
Svabø Eirik  
Wigdahl Henriette  
Wågen Camilla

## Oppdrett Sunnhordland

Bø Kjetil Lavik  
Eriksen Ole Petter  
Ervik Bjarte  
Ervik Magnar  
Farestveit Tore  
Helgesen Ernst Olav

Julsrud Elisabeth Winterhus

Kvarven Frode  
Pedersen Aksel R.  
Sett Yvonne  
Steinsbø Lars Erik  
Sæverud John  
Sæverud Oddvar  
Søvold Geir Olav  
Tunge Andreas  
Vik Anders Eidet  
Westergaard Torbjørn  
Økland Alfred  
Økland Nils Ragnar  
Økland Sigve  
Aasheim Jostein

## Servicebåt MS Laila

Føyen Terje  
Hollund Alexander  
Natterøy Thomas  
Rossebø Svein Olav

## Pakkeri

Biriukov Roman  
Boncuds Aleksandrs  
Borlaug Sandra C. U.  
Bø Svein Tore  
Dang Ngoc Hoang Anh  
Dzenceviciene Renata  
Dzencevicius Deividas  
Ekornsæter Robert  
Glørstad Vidar

Griskoniene Gitana  
Halvorsen Constanse  
Janusaitis Darius  
Januskevicius Lauras  
Jasinavicius Mantas  
Jukna Simonas  
Jukniene Lina  
Kanarskas Raimondas  
Kazlauskas Kazimieras  
Kazlauske Monika  
Keawkunya Nipaporn  
Kolbjørnsen Marte  
Lapenas Rolandas  
Lukosiunas Arvydas  
Lukosiunas Gintautas  
Lukosiunas Mantas  
Lurins Maris

Macijauskas Rolandas  
Magnusson Benjawan  
Meling Ronny  
Merenkov Valdimir  
Mironova Julija  
Mitrulevicius Robertas  
Myhre Bjørn Otto  
Myren Reidar  
Mæland Dagne Rannveig  
Navikauskas Remigijus  
Navikauskienė Edita  
Novikovas Eugenijus  
Paceviciene Edita  
Pacevicius Vytautas  
Panchenko Germans

Piliunas Tomas  
Pongsakased Nattasit  
Prochorocevas Olegas  
Randen Anette  
Rystad Anne Liv  
Sediqi Sharif Mohammed  
Sett Silvio  
Skjolde Ingunn  
Skruzdys Remigijus  
Stankevicius Mantas  
Stoknes Cesilie Simone  
Sulymin Naman Hamid Asse  
Tubelyte Evelina  
Vanagas Svajunas  
Vanagiene Sandra  
Vedeksiene, Lina  
Zebraitiene Laura  
Zebraitis Dainius

## Foredling

Abaksins Vladimirs  
Aboalhaja Noralhq M  
Abraham Dusan  
Akbery Golam Heider A  
Alagic Dobrila  
Alfsvåg Guleif I  
Bergsvåg Gaute  
Bjelland Randi  
Börjesson Helga  
Brundziene Jurgita  
Brundziene Rasina  
Bøe Margot

Ekberg Håkon F  
Ekberg Trygve Fauskanger  
Ersland Alexander  
Fylkesnes Linda  
Geitung Irene J  
Gjøsæter Bodil Karin  
Gulliksen Even  
Gumbinas Tomas  
Habbestad Erik  
Habbestad Malin  
Habbestad Ragna Iversen  
Habbestad Torbjørn  
Haidary Abdul Ahad  
Haidary Ali Aga  
Hellen Gjertrud S  
Hidle Lina  
Hovland Annlaug Regine  
Husevik Marianne  
Innvær Sissel Elin Grønås  
Innvær Steinar  
Johnsen Leif Otto  
Johnsen Marit  
Kanarskiene Egle  
Katla Johne  
Kupcovs Janis  
Labanauskas Rytis  
Lapeniene Irma  
Larsen Bjørg Helen  
Larsen Janne  
Le Huynh Hoa Thi  
Legøy Ingrid Aga  
Lidal Hanne Grethe

Lidal Ruth  
Mosavi Ali  
Muftic Mladenka  
Nakutis Nerijus  
Naseri Ali  
Navikauskienė Mintara  
Nesse Jenny  
Nesse Jorunn  
Nguyen Oanh Hong  
Novade Sana  
Olsen Anette  
Onarheim Anders Bø  
Ramanaukas Ramunas  
Rascius Irmantas  
Rasciuviene Andzelika  
Rezaee Faisal  
Rezaee Mohammad Nasim  
Rukkusol Pattarapan  
Sakinis Arturas  
Salanova Leticia Segura  
Salih Bootan Mustafa  
Santana Thomas Økland  
Sidow Mohammed Maalin  
Simonaviciene Ausra  
Simonavicius Edvardas  
Sortland Cathrine  
Sortland Martin  
Stokkenes Johannes  
Stokkenes Vidar  
Sæverud Magda  
Tamosaitiene Neringa  
Tamosaitis Ernestas

Tverborgvik Inga Marie Meling  
Uogintaite Anastasija  
Urang Helge  
Valciukas Arunas  
Valciukienė Audronė  
Vatten Kristine  
Vold Kåre Jan  
Wang Lina  
Ylipuranen Anna  
Ytrøy Solfrid  
Vold Johan  
Zekic Mersija  
Ånderå Trond

**Transport**  
Bråthen Anne Meling  
Butkus Saulius  
Durecek Marcel  
Ekornsæter Linn Hege E.  
Endziulis Eimantas  
Lunde Espen Håkon  
Magnusson Hans  
Mammadi Ali  
Navikauskas Aistis  
Salih Jihad  
Sortland Bjarne

**Vedlikehold**  
Folgerø-Holm Melankton L  
Hopland Peder  
Mathiassen Kjell Gunnar  
Rolfsnes Olaf

Sørvik Bjørn Ketil  
Økland Audun  
Ådnanes Geir Ivar

**Kantine**  
Djuvik Aud  
Hjellbakke Anita  
Nesse Randi Paulsen  
Nguyen Hiep Ngoc  
Sæverud Reidun

**Administrasjon**  
Alvsvåg Silje Kathrine  
Bruun Jørn-Rune  
Eide Einar  
Helvik Vidar  
Hoksrud Trine Lise O  
Hovland Line  
Husa Arvid  
Innvær Kim  
Knarvik Bernhard  
Knarvik Torild  
Knutsen Geir Magne  
Kringeland Ragnhild  
Meling Astrid Sørensen  
Meling Kristin Mæland  
Sommerseth Alexandra I  
Sortland Bodhild Hope  
Svendsen Olav O.  
Sæverud Bjørn Willy  
Sæverud Eivind  
Sæverud Terje  
Sæverud Torbjørn



## Lærlingar

Bremnes Fryseri har stort fokus på kompetanse-utvikling og legg til rette for lærlingar. Me er stolt over å ha desse i vår bedrift.

**Lærlingar innan automatiseringsfaget:**  
Grindheim Joachim Grønås  
Gålstrand Benedikte  
Habbestad Odd Kristian

**Lærlingar innan akvakulturfaget:**  
Hope Bernhard S.  
Hellen Lise



**Yngvar Andersen**

– Eg trur me vinn veldig mykje på å byta kjøtt med fisk. Og så er det jo så frykteleg godt!

# Ein sprek arbeidsplass

Bodskapen er enkel. Å gå frå lite trening til ein del trening betyr fantastisk mykje. Bodbringar er Yngvar Andersen og han veit kva han snakkar om. I NRK Puls har han vore heile Noreg sin trenar og motivator gjennom fleire år. I 2012 har han sparka i gong *Kom i form med Seashore*.

I midten av januar kom den profilerte trenaren til Bømlo for og motivera tilsette i Bremnes Seashore til å komma i betre fysisk form. Mykje tyder på at han trykte på dei rette knappane. Responsen var overveldande, og over 70 personar meldte seg på prosjektet med fokus på betre livsstil og helse.

– Eg er optimist. Det er mogeleg å melde: Dette skal eg få til!

Yngvar Andersen er direkte. Han formidlar det han trur på.

– Hovudbodskapen er at dette er ein jobb som må gjerast. Sjansen for eit lengre og betre liv er større om ein held seg i form. Og ein får meir energi og overskot!

## Bensin på bålet

Trening er ikkje alltid gøy i følgje Andersen. Men han meiner at hovudpremien ved å halda seg i form går

til kvar enkelt. Og at me ikkje har lov til å la væra. Ei samling som KICK OFF-laurdagen i januar ser han på som bensin på bålet.

– Eg synest det er fantastisk at dei vil at eg skal komma hit, og også følgja dette opp med ei samling i 2013. Forhåpentlegvis er det ein faktor som motiverer.

Andersen trur at ein slik kampanje er noko av det luraste ein kan bruka pengar på.

– Det gjev lojalitet til bedrifta. I tillegg betyr det nok noko for sjukefråværet og at dei tilsette vert meir uthaldande over mange år, samt at dei tek meir initiativ.

## Treningsprogram

I *Kom i form med Seashore* kan deltakarane delta på felles Friskusaktivitetar, og dei kan få lagt opp sitt eige spesialtilpassa treningsprogram ved hjelp frå



HMS Senter Bømlo. Yngvar Andersen har tru på det å trena i saman med andre.

- Det kan væra stor effekt i å byggje kvarandre opp. Det å ha nokre faste avtaletidspunkt for trening i veka kan væra lurt.

#### Glad i fisk

Ein sunn livsstil har også med kosthald å gjere. Yngvar Andersen kjenner godt til Salma-laksen.

- Eg trur Salma-laksen har opna opp for god mat for mange. Den er utan bein og lett å laga til. Eg trur me vinn veldig mykje på å byta kjøtt med fisk. Og så er det jo så frykteleg godt!

Dei tilsette i full sving i idrettshallen under starten på *Kom i form med Seashore*.

#### A VIBRANT WORKPLACE

In mid-January Yngvar Andersen, a well-known coach, came to Bømlo to inspire and motivate employees at Bremnes Seashore to get in better physical shape. The response was overwhelming; more than 70 people signed up for the project that focuses on improved lifestyle and health.

"I am optimistic. This is a way for everyone to set goals and say: Yes, I can do it!" says Yngvar Andersen.

With *Get fit with Seashore*, employees are invited to partake in vigorous outdoor group activities. They can also have a training programme tailor-designed for them, with expert assistance from the Bømlo HSE Centre.

## Høg trivselsfaktor

For vår bedrift er det viktig med god trivsel blant dei tilsette. Me har difor ein hovudstrategi for HMT/ personale me arbeider etter. Me vil auke trivselen ved å arbeide med motivasjonsfremjande tiltak, sjukefråværssoppfølging, reduksjon av arbeidsulukker og kompetanseheving.

Vår HMT-sjef og personalsjef er tydelege i sin bodskap.

- Me ynskjer at Bremnes Seashore skal vera ein arbeidsplass der dei tilsette merker HMT i praksis, og at ein blir inkludert. HMT skal ikkje berre vera fine ord på papiret.

Målingar me gjorde i 2011 viser at trivselsfaktoren er høg, og sjukefråværet har gått ned i høve til 2010. Det er me stolte av!

#### Sjukefråvær

2011:

**5,4%**  
(2010: 6,1 %)

# Styret si årsmelding

## Verksemda sin art og lokalisering

Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap med kontor i Bømlø kommune. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak.

Konsernet si verksemd har hovudkontor i Bømlø kommune med avdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing og foredling av oppdretta matfisk.

## Finansielle forhold

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde i 2011 eit resultat før skatt på -3,9 millionar mot 10,9 millionar i 2010.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 14,1 millionar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar vart -21,9 millionar for selskapet, og netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar 7,8 millionar.

Konsernet har og i 2011 hatt ein auke i aktiviteten. Nedgangen i lakseprisen var på om lag 20 % samanlikna med 2010, men omsetninga auka med 10%.

